Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)

Dato	25/06/2024
Vår referanse	2022/7045-53
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ole Vegard Skauge
E-post	Ole.Vegard.Skauge@vlfk.no
Telefon	99291827

B+B ARKITEKTER AS
Strandgaten 18
5013 BERGEN

Vedtak om dispensasjon og vilkår etter kulturminnelova § 15a - Engen 1 - Den Nationale Scene - gnr 164 bnr 954 - Askeladden ID 87130 - Bergen kommune - fasade- og interiørendring og endring i parken for modernisering og universell utforming

Innvilga søknad om dispensasjon for modernisering av teateret og tilrettelegging for universell tilgjenge på Den Nationale Scene

Vi viser til søknad datert 15.juni 2024 om dispensasjon frå freding av Den Nationale Scene, Askeladden ID 87130, Engen 1, gnr. 164 bnr. 964, Bergen kommune, Vestland fylke. Det vert søkt om tiltak som forbetrar teaterdrifta, modernisering av teknisk utstyr og tilrettelegging for universell tilgjenge. Vi viser også til faste møter og referat. Ikkje alle moment som er under prosjektering er vurdert her, og må omsøkjast særleg.

Vedtak

Vestland fylkeskommune gir dispensasjon til å gjennomføre desse tiltaka:

- Oppgradering av teknisk utstyr
- Oppretting av ny publikumsfoajé til Teaterkjelleren
- Universell tilgjenge til Store og Lille Scene
- Oppretting av ny publikumsfoajé til Lille Scene
- Flytting av Lille Scene til malersal
- Etablering av ny inngang til Lille Scene
- Akustiske tiltak i vestibyle og foajé til Store Scene

Vilkår

Før igangsetting skal følgjande være utført:

- Alle tiltak som det er gjeve løyve til ovafor skal detaljprosjekterast og godkjennast av Vestland fylkeskommune
- Det må være utført bygningstekniske vurderingar for statikk og dynamikk som viser at scenetårnet toler påkjenningane frå nytt maskineri. Eventuelle forsterkningar må omsøkjast på ny
- Det må utførast og implementerast brannsikringsplan for byggefasen

- Tryggingsplan for antikvariske verdiar i byggefasen skal vere godkjent av Vestland fylkeskommune
- Dersom det skal gravast i den automatisk freda mellomalderbygrunnen må dette søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova frå Riksantikvaren før igangsetting av tiltaket

Når arbeidet er ferdig, skal du sende inn dokumentasjon som viser korleis arbeidet er blitt utført, og det endelege resultatet.

Løyvet er gyldig i 3 år etter at du har motteke dette vedtaket.

Grunngiving for vedtaket

Etter kulturminnelova § 15a kan departementet *i særleg tilfelle* gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører *vesentlege inngrep* i det freda kulturminnet. Fylkeskommunen er rette styresmakt til å vurdere om det skal givast dispensasjon, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven §§ 3 (4) og 4.

Den Nasjonale Scene ble fredet 15.april 1993. Bygningen og den omkransende parken er fredet i ett vedtak, med hjemmel i kulturminneloven §§ 15a jf. 22. Fredningen av Den Nasjonale Scene er begrunnet med høye kulturhistoriske, arkitektoniske og arkitekturhistoriske verdier. Bygningen er fremhevet som er hovedverk i norsk jugendstilarkitektur.

Fredningens formål er for eksteriøret å opprettholde fasadene og takflatene både i struktur og detaljering, slik som materialbruk, overflatebehandling, dekorelementer, vinduer og dører. For interiøret er formålet å opprettholde planløsning og romstruktur samt bygningsdetaljer, materialbruk og overflatebehandling. I interiøret er det viktig å ivareta de deler som framstår i samsvar med arkitektens opprinnelige tegninger og beskrivelser. Ved framtidige endringer må man arbeide for å ta vare på eller rekonstruere teatrets opprinnelige preg. Dette gjelder spesielt publikumsrommene. I lokaler direkte knyttet til produksjon, som scenerom og verksteder, kan det i større grad tillates endringer. For hele teatret er det av stor betydning at originaler deler som dører, listverk og armaturer ikke blir skiftet ut.

Den Nationale Scene har lenge hatt behov for oppgraderingar. I nasjonal oversikt over universell tilgjenge rangerer anlegget mellom dei dårlegast tilrettelagte. Scenemaskineriet er utbrukt, ikkje risikofritt i bruk og tener ikkje til moderne teaterproduksjonar. Drifta av teateret har lenge hatt utfordringar med helse, miljø og tryggleik som krev ulike tiltak i bygningen for å kunne løysast. Bygningen har også for lite dekning av toalett, garderobar og andre publikumstenester. Kulturdepartementet har løyva midler til å få forbetra desse forholda. Det er sett ei prosjektgruppe for å sjå utfordringane i samanheng. Prosjektgruppa har jamnlege møter med Vestland fylkeskommune som kulturmiljøstyresmakt. Søknaden er eit resultat av denne samhandlinga.

Ut frå rolla som nasjonal institusjon er Den Nationale Scene som bygning veldig kompakt. Prosjektgruppa har difor lagt til grunn at alle tiltaka må løysast i ein heilskap. Dette er eit haldning Vestland fylkeskommune deler. Samstundes utløyser lov om offentleg anskaffing krav om ein anbodsprosess. For å sette gode antikvariske krav og rammer i anbodsprosessen og halde framdrifta i prosjektet er det naudsynt å semjast om prinsippløysingar for dei tiltaka som pregar den heilskaplege løysinga i sterkast grad, sjølv om ikkje prosjekteringa er fullført. Det er i samråd med Vestland fylkeskommune lagt fram søknad om rammedispensasjon, som no vert vurdert.

Vestland fylkeskommune legg til grunn fredingsvedtaket, og ser godt samsvar mellom formålet med fredinga og dei antikvariske verdiane som vert omhandla i prosjekteringa. Det er dei eldre og dei opphavlege elementa i Den Nationale Scene som har høgst kunstnerisk, arkitektonisk verdi og kulturhistorisk verdi, sjølv om også andre kulturmiljøverdiar er representert.

Tilrettelegging for universell tilgjenge til Store og Lille Scene og Teaterkjelleren vil krevje innsetting av heisar, etablering av nye inngangar og oppretting av trinnfri tilkomst der det i dag er trinn. Det er vurdert ei rekke alternative plasseringar og romprogram. Det mest utfordrande i lys av fredingsformålet er trinnfri ankomst til Store Scene gjennom vestibyle. Løysinga som er foreslått er å flytte statuen av Ole Bull til plasseringa arkitekt Einar Osar Schou opprinneleg teikna. Det midtre trappeløpet etablerast i tråd med arkitekten sin intensjon, og påmonterast løfteplattform for rullestol. Det midtre trappeløpet vert vurdert som det som i minst grad gjev rullestolbrukarar oppleving av å vere i vegen for andre brukarar. Styrkinga av arkitektoniske verdiar ved etablering av midtre trappeløp vert vurdert å vege opp for dei negative konsekvensane for dei kulturhistoriske verdiane ved å flytte Ole Bull statuen til ei ny, men opprinneleg tiltenkt og meir naturleg plassering. Det må arbeidast vidare med plasseringa, i tråd med arkitekten sine teikningar.

Nye heisar er tenkt gjeve ei utforming som høver til bygningen si detaljering og formspråk, og vert kompensert med avbøtande tiltak. I vestibylen vert den skjemmande trappa til Teaterkjelleren fjerna, flytta til sidegangen, og gjeve ei betre tilpassa utforming. Opphavleg billettluke vert reetablert i vestibyle, med ny heis skjult bakanfor. Ny heis på vestside av gangen kring salen vert tilpassa ved å bruke bygningen sitt eige formspråk, og godkjennast med vilkår om vidare detaljering.

Etter vårt syn er desse omsøkte løysingane dei som har minst negativ konsekvens for dei nasjonale kulturmiljøverdiane til Den Nationale Scene, og mest positive konsekvensar. Tiltaka er prosjektert med utgangspunkt i bygningen sitt formspråk, og avbøtande tiltak vil minke dei negative konsekvensane. Det er behov for vidare prosjektering for å fjerne uvisse i søknaden. Det vert sett vilkår om dette, jf. ovafor.

Fornying av scenemaskineri, frå underscene til scenetårn, har mindre påverknad på dei mest sentrale kulturmiljøverdiane til Den Nationale Scene, ut frå fredingsformålet. Både dreiescene og scenemaskineri i tårn har vore skifta fleire gonger, også etter ulike brannar framom og bakom jernteppet. Det var ikkje dreiescene i bygningen opphavleg, no skal 3.generasjon dreiescene monterast. Scenetårnet som styrer dekorskift i førestillingane har både opphavlege og nyare tekniske installasjonar. Utskifting av dreiescene og scenemaskineriet i tårnet, medrekna naudsynte tilpassingar i bygningen, vil krevje vidare detaljprosjektering og bygningstekniske kalkyler før innkjøp. Krav til helse, miljø og tryggleik vil også påverke dette. Det må vere sikkert at tårn og bygning toler det nye, tyngre og sterkare maskineriet. Det vert sett særskilt krav om dette.

Slik Den Nationale Scene framstår i dag er det fleire tilhøve som vanskeleggjer gode opplevingar for publikum. Akustikken i mange rom er prega av for sterk etterklang, det er for få toalett, garderobe- og foajékapasiteten er for liten, og det er ikkje tilrettelagt for publikumsgrupper med særlege behov. Vi meiner det er funne gode løysingar så langt, særleg gjeld dette forlenging av trapp til ny toalett- og garderobeavdeling i kjeller. For andre tiltak er utgreiingane framleis på prinsippnivå, t.d. akustisk puss i vestibyle og foajé Store Scene. Vi slutter oss til prinsippa, men set krav om detaljprosjektering av løysingane i det vidare arbeidet.

Slik Lille Scene er plassert i dag utgjer den eit brot med den arkitektoniske logikken i bygningen, med publikumsinnslepp inn i det som opphavleg var meint å være ein hesteskoforma gang for bakscenefunksjonar kring Store Scene. Det er også naudsynt å etablere heis og etablere foajé og andre funksjonar som Lille Scene ikkje har hatt til no. For å få løyst dette, og ei rekke produksjonstekniske utfordringar knytt til Lille Scene er det semje om å flytte den til eit rom med betre takhøgde, og der universell tilgjenge let seg løyse: den gamle malesalen i 3.etasje. Vi slutter oss til prinsippløysinga, sjølv om her er trong for vidare prosjektering. For å få til løysingane er det naudsynt å bygge tak over terrassen i 3.etasje på tilbygget mot nordaust. Det er utført ei rekke volum- og alternativstudier, og det er vurdert fleire ulike plasseringar i bygningen. Det foreslåtte alternativet brukar formspråket frå bygningen sjølv. Resultatet er etter vårt syn heldig, og forbetrar samspelet mellom tilbygget frå 1966 og hovudbygningen frå 1909. Det vert sett vilkår om vidare prosjektering. Særleg må grensesnittet i tak og gesims mot hovudbygningen løysast på ein antikvarisk god måte.

Teaterkjelleren har lite lysinnslipp og er dårleg tilrettelagt for universell utforming. Rullestolbrukarar har berre tilkomst frå Veiten 3, og her er så liten breidde at ein rullestol blokkerer all anna ferdsle. I teatersalen er det 1-2 plasser, og berre bakerst i rommet. Det er foreslått ny inngang frå Teaterparken/Veiten 3 med om lag same plassering som før, men med betre kapasitet og utforming. Løysinga krev samordning med grunneigar og andre partar. Vestland fylkeskommune ser at tiltaket har ei rekke positive verknader, og i prinsippet slutter vi oss til det som er foreslått. Det er knytt uvisse til løysinga i grensesnittet til den freda parken, også knytt til den pågåande samrådinga med andre partar. Det vert sett vilkår til detaljprosjektering for dette forholdet.

Tiltaket har eit uavklart graveomfang i den automatisk freda mellomalderbygrunnen, med Askeladden ID 89049. Det er innhenta følgjande førehandsvurdering frå Riksantikvaren, som er mynde for den automatisk freda mellomalderbygrunnen:

> «Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv har vært i kontakt med Riksantikvaren, som myndighet for det automatisk fredete kulturminnet Middelalderbyen Bergen. Riksantikvaren har gitt tilbakemelding om at de ikke anser at tiltaket er i konflikt med Middelalderbyen Bergen. Dersom tiltaket medfører gravearbeid i grunnen, skal det sendes søknad om dispensasjon fra kulturminneloven til Riksantikvaren.»

Konklusjon

Vestland fylkeskommune legg til grunn at Den Nationale Scene, ved forholda som er skildra ovafor, har behov for ei rekke tiltak for å løyse utfordringane. Statusen som nasjonal kulturinstitusjon gjer det særleg viktig å finne gode løysingar, men utan at dei framståande kulturmiljøverdiane til Den Nationale Scene vert svekka. Det ligg føre eit særskilt tilfelle.

Vi slutter oss til prinsippløysingane som er lagt til grunn i søknad, men set krav om vidare prosjektering for å optimalisere tiltaka. Særleg gjeld dette i ein så kompakt bygning der løysingane i ein del av bygningen lett vil påverke løysingar andre stader i bygningen. Etter vårt syn er dei framlagte løysingane dei beste, etter at ulike alternativ har vore vurdert. Den vidare prosjekteringa vil avklare behov og omfang for avbøtande tiltak. Kunnskapsverdiar vert påverka, men i lite vesentleg grad, opplevingsverdiar vert oppretthaldne eller betra og bruksverdien vert vesentleg styrka. Tiltaka er ikkje vesentlege, og ikkje i konflikt med fredingsformålet. Vi godkjenner søknaden, på dei vilkår som er sett.

Forholdet til anna lovverk

Om tiltaket krev løyve etter anna lovverk, må søkjaren sørgje for dette før tiltaket kan gjennomførast. Det kan for eksempel vere aktuelt for tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova § 20-1.

Forholdet til naturmangfaldlova

Ved offentleg maktutøving som har innverknad på naturmangfaldet, skal prinsippa i naturmangfaldlova leggjast til grunn, jf. naturmangfaldlova § 7.

Førebels er det er ikkje openberre teikn på at naturmangfaldet vert påverka, men dette må utgreiast i den vidare saksgangen, i samband med prosjektering av ny inngang til Teaterkjelleren.

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 3 veker frå du har motteke dette brevet, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Riksantikvaren, som er klageinstans, men sendast til oss, gjerne på e-post til post@vlfk.no. Om vi ikkje gir deg medhald, sender vi klaga til Riksantikvaren, som avgjer saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?

Har du spørsmål, kan du kontakte saksbehandlar Ole Vegard Skauge, 99 29 18 27, ole.vegard.skauge@vlfk.no

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fungerande seksjonsleiar
KFO - Kulturarv

Eva Moberg
leiar
KFO - Museum, fartøy- og bygningsvern

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO